

## Ku-møte Voss herad 11.02.22 – Tema for forvaltningsrevisjon

### Bakgrunn

- Arkivlova og tilhøyrande forskrift dannar heimelsgrunnlaget for mellom anna ansvar, formål, organisering og drift av offentlege arkiv.
- I kommunar er arkivansvaret ein del av det ansvaret som er lagt til administrasjonssjefen etter kommunelova § 13-1.
- Rådmannen er pålagt å sikra at kommunen har ei forsvarleg arkivordning. Her inngår m.a. ajourført arkivplan, eigna lokale, organisering, system og rutinar for journalføring og arkivering.
- Norsk arkivstandard versjon 5.5 utarbeidd av riksarkivaren fastset standardar for offentlege arkiv i relasjon med lovverket og lokale bestemmingar.
- I arkivlova står det mellom anna:
  - Føremålet til lova er bevaring og tilgjengeleggjering for ettertida.
  - Arkivet inneheld rettsleg og forvaltningsmessig dokumentasjon.

**Formål:**

Sjå til at Voss herad etterlever krav til journalføring og arkivering i tråd med gjeldande lovverk og standardar.

**Problemstillingar:**

1. I kva grad etterlever Voss herad gjeldande lovkrav om ein ajourført arkivplan, rutinar og arkivstandardar ?
2. Er rutinar og krav til arkivering godt kjent hjå tilsette og vert desse etterlevd ?